

## STYRESAK

<b>GÅR TIL:</b>	Styremedlemmer
<b>FØRETAK:</b>	Helse Vest RHF
<b>DATO:</b>	29.11.2022
<b>SAKSHANDSAMAR:</b>	Lene Lie
<b>SAKA GJELD:</b>	<b>Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2023-2025</b>
<b>ARKIVSAK:</b>	2022/493
<b>STYRESAK:</b>	<b>122/22</b>
<b>STYREMØTE:</b>	<b>07.12.2022</b>

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest oppnemner følgjande medlemmer og vara-medlemmer til det regionale brukarutvalet (RBU) i Helse Vest RHF for funksjonsperioden 1. januar 2023 - 1. januar 2025:

#### Medlemmer:

- Atle Lunde, FFO Rogaland
- Harald Kvame Hansen, FFO Vestland
- Astrid Gytri, FFO Vestland
- Tore-Johnny Agledal, FFO Vestland
- Cicel T. Aarrestad, FFO Rogaland
- Hege Skjelbred-Knudsen, Kreftforeningen
- Hege Kornberg Christensen, SAFO Sørvest
- Sigrun Marit Hansen, Pensjonistforbundet
- Joe R. Aseerwatham, Vestland Innvandrerråd
- Lene Therese Mindaas, RIO

#### Vara-medlemmer:

- Elisabeth Bjørheim Salte, FFO Rogaland
- Gunn Sande, FFO Vestland
- Vidar Myhren, FFO Vestland
- Anfinn Feng Hammer, FFO Vestland
- Wenche Drengstig, FFO Rogaland
- Anita Üstün, Kreftforeningen
- Else-Berit Ingvaldsen, SAFO Sørvest
- Hans Otto Robberstad, Pensjonistforbundet
- Sajjad Younas, Vestland Innvandrerråd
- Ingen innkomne forslag til vara frå RIO

2. Styret oppnemner leiar og nestleiar for regionalt brukarutval.  
Leiar: Atle Lunde  
Nestleiar: Harald Kvame Hansen

## Oppsummering

Regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år om gongen.

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) Vestland og Rogaland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO Sørvest), Pensjonistforbundet, Kreftforeningen, Vestland innvandreråd og Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO) har sendt inn forslag til representantar til Regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2023-2025.

## Fakta

Regionalt brukarutval blei vedteke oppretta i styremøte 27. mai 2002, sak 51/02. Det går fram av saka at Regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år om gongen. Regionalt brukarutval hadde sitt første konstituerande møte 27. juni 2002.

I felles retningslinjer for brukarmedverknad, som blei vedtatt av styret i Helse Vest 4. april 2017 (042/17), står det følgjande om brukarutvalet sin samansetjing:

- *at samansetjinga av brukarutvalet skal spegle heile verksemdområdet til helseføretaket, vanlegvis gjennom balansert representasjon frå somatikk, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.*
- *at pårørandeperspektivet, med særleg vekt på foreldre til sjuke barn, er representert i tillegg til eldre, barn og unge og etniske minoritetar.*
- *at alminnelege prinsipp for kjønnsrepresentasjon er ivaretekne.*
- *at ein prøver å ta omsyn til aldersrepresentasjon og geografisk representasjon.*
- *at både små og store organisasjonar skal vere representerte, slik at utvalet totalt sett har ei god forankring.*

Ved oppnemning 2. november 2016 bad styret spesifikt om at regionalt brukarutval minst skulle ha ein representant med minoritetsbakgrunn for å ivareta interessene til denne pasientgruppa.

Leiar for RBU deltek som observatør ved styremøter, i tillegg til å leie brukarutvalsmøter. Leiar og nestleiar fungerer som talerør for dei saker brukarutvalet ønskjer å drive, og tek avgjer rundt interne oppgåver i RBU.

Felles retningslinjer for brukarmedverknad seier følgjande om oppnemningsprosessen:

*«Styret i helseføretaket oppnemner medlemmene i brukarutvalet, inkludert leiaren og nestleiaren, etter innstilling frå administrerande direktør på grunnlag av innsende forslag frå pasientorganisasjonane.*

*God dialog mellom helseføretaket og organisasjonane blir sikra i nominasjons- og oppnemningsprosessen. Organisasjonane som foreslår kandidatar, skal oppmodast om å sende informasjon om relevant formal- og realkompetanse. Bakgrunnssjekk gjennom innsend informasjon og eventuelt intervju dannar grunnlaget for utveljinga.»*

Tidlegare var det lagt opp til at brukarutvalet konstituerte seg sjølve ved første møte. Den praksisen er endra etter at dei nye retningslinjene blei vedtatt og ved sist oppnemning blei leiar og nestleiar vald etter ein prosess med intervju av aktuelle kandidatar.

### **Kommentarar**

På bakgrunn av nominasjonar frå organisasjonane er følgjande medlemmer og vara-medlemmer foreslått til Regionalt brukarutval for funksjonsperioden 2023 – 2025:

#### Medlemmer:

- Atle Lunde, FFO Rogaland
- Harald Kvame Hansen, FFO Vestland
- Astrid Gytri, FFO Vestland
- Tore-Johnny Agledal, FFO Vestland
- Cicel T. Aarrestad, FFO Rogaland
- Hege Skjelbred-Knudsen, Kreftforeningen
- Hege Kornberg Christensen, SAFO Sørvest
- Sigrun Marit Hansen, Pensjonistforbundet
- Joe R. Aseerwatham, Vestland Innvandrerråd
- Lene Therese Mindaas, RIO

#### Vara-medlemmer:

- Elisabeth Bjørheim Salte, FFO Rogaland
- Gunn Sande, FFO Vestland
- Vidar Myhren, FFO Vestland
- Anfinn Feng Hammer, FFO Vestland
- Wenche Drengstig, FFO Rogaland
- Anita Üstün, Kreftforeningen
- Else-Berit Ingvaldsen, SAFO Sørvest
- Hans Otto Robberstad, Pensjonistforbundet
- Sajjad Younas, Vestland Innvandrerråd
- Ingen innkomne forslag til vara frå RIO

FFO har historisk sett hatt to medlemmer frå kvart fylke i regionalt brukarutval. FFO blei òg i år bedt om å nominere minst ein representant med innvandrarbakgrunn. Då FFO ikkje klarte å finne kandidatar med denne bakgrunnen, vil ein av plassane gå til Vestland innvandrerråd. Dette gir tre medlemmer frå Rogaland (FFO og Kreftforeningen) og sju frå Vestland (FFO, Pensjonistforbundet, Vestland innvandrerråd og RIO).

Ny leiar er Atle Lunde frå FFO Rogaland og ny nestleiar er Harald Kvame Hansen frå FFO Vestland.

### **Konklusjon**

Heile helseregionen er representert i forslaget til nytt regionalt brukarutval. Forslaget inneheld fem nye og fem attvalte brukarrepresentantar. Dette er i samsvar med nominasjonane som har kome inn frå organisasjonane. Det gir god kontinuitet i utvalet. Utvalet er vidare samansett med 60 % kvinner og 40 % menn, og alle verksemdsområda (somatikk, rus og psykisk helsevern) er representerte. Det er ein jamn geografisk fordeling.

Administrerende direktør legg til grunn at føringane i retningslinjene er oppfylt i tilstrekkeleg grad og tilrår at styret oppnemner regionalt brukarutval for perioden 2023-2025 i tråd med forslag til vedtak.